







EID KOMMUNE		MØTEBOK			
KONTROLLUTVALET I EID KOMMUNE					
Møtestad:	Møterom 1. et.	Møtedato:	27.12.2012	Frå kl.:	10:15
				Til kl.:	13:15
Faste medlemmer i Kontrollutvalet:		Møtte:	Forfall:	Merknader:	
Roy Andre H Bruvoll		X			
Kristen Hundeide.			X		
Hilde Henriksen.		X			
Siv Emdal.		X			
Ørjan Tystad			X		
Personlege varamedlemmer:		Møtte:			
Ida Elisabeth Lien Ohrvik					
Karin Husevåg		X			
Eivind Bjørke					
Terje Johnsen					
Kåre Nils Os		X			
Ordføreren har møte og talerett i utvalet:					
Andre som møtte:					
SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit. Rådmann Ørjan Forthun Raknes sakene 45-46/12. Revisor Gunnar Ryste sakene. Kommunalsjef Elin Leikanger sakene 45-46/12.					
Saker som vart handsama / drøfta i møtet:					
SAKLISTA I MØTET:					
43/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.					
44/12 Skriv og meldingar.					
45/12 Oppfølging kommunestyrevedtak forvaltningsrevisjonsrapport innkjøpsfunksjonen.					
46/12 Status arbeid med tiltak beredskap Eid kommune.					
47/12 Effektivisering av kommunestyrevedtak 58/11 Sal av kommunale eigedomar.					
48/12 Masseuttak Eid kommune.					
49/12 Oppfølging rapport frå fylkesmannen om tilsyn med behandling av søknad om økonomisk stønad frå personar med forsytingsansvar for barn.					
50/12 Rapport forvaltningsrevisjonsprosjekt «Eid kommune sine rutinar for fastsetjing og fordeling av midlar til dei ikkje-kommunale barnehagane.					
51/12 Plan for selskapskontroll 2012 – 2016.					
52/12 Orientering protokollar politiske styre Eid kommune.					
53/12 Oppfølgingsliste 5-2012 – Eid kommune.					
54/12 Forvaltningsrevisjonsprosjekt -- Vedlikehald av bygningar – prosjektplan					
55/12 Eventuelt.					
Merknader:					
UNDERSKRIFTER:					
					
Roy Andre H Bruvoll (leiar)		Siv Emdal		Kåre Nils Os	
					
Karin Husevåg		Hilde Henriksen			
					
		Asgeir Tveit, sekretær			

043/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 09.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.11.2012	043/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

- Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

044/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit sekretariat
Dato: 09.11.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.11.2012	044/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

SM 16-12: Vedtak kst sak 089/12 Plan for forvaltningsrevisjon.

SM 17-12: Vedtak kst sak 093/12 Rapport over kommunens finansforvaltning pr. 31.08.12.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert teke til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Skriv og meldingar vert teke til vitande.

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

045/12 OPPFØLGING KOMMUNESTYREVEDTAK FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT INNKJØPSFUNKSJONEN

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 13.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.11.2012	045/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Eid kommune 12.09.12

Andre dokument i saka (Ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 25/11 Oppfølging kommunestyret sine merknader til forvaltningsrevisjonsrapport – Innkjøpsfunksjonen Eid kommune.
- Kontrollutvalsak 031/12 Orientering arbeid med plan for innkjøpsfunksjonen.
- Kontrollutvalsak 035/12 Orientering – Status i arbeidet med å lage plandokument for innkjøpsfunksjonen.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa vert teken til vitande.

Rådmannen orienterte i saka om planar på ulike nivå.

På administrativt nivå ligg plan for innkjøpsstrategi. Det er laga prioriteringsliste for planane i Eid kommune. Denne planen er ikkje prioritert enno. Det er ikkje tidfesta kva tid denne planen vil bli ferdig. Prioriteringsliste for planane vil bli sendt kontrollutvalet når denne klar. Sannsynlegvis slik at kontrollutvalet har den til førte møte i 2013.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saka vert teken opp igjen på neste møte i kontrollutvalet.

OPPFØLGING KOMMUNESTYREVEDTAK FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT INNKJØPSFUNKSJONEN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Kontrollutvalet vil ha status på korleis administrasjonen ligg an i høve til å følgje opp kommunestyret sitt vedtak om å utarbeide plandokument for innkjøpsfunksjonen i samband med arbeidet med planstrategi for valperioden 2011 – 2015.

Saksopplysningar:

Kommunestyret gjorde i sak 051/11 «Oppfølging kommunestyrevedtak forvaltningsrevisjonsrapport – Innkjøpsfunksjonen i Eid kommune» 23.06.2011 bl.a. følgjande vedtak: *Kommunestyret ber administrasjonen lage eit plandokument for innkjøp i samband med arbeidet med planstrategi for valperioden 2011 – 2015.*

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 12 skal kontrollutvalet sjå til at kommunestyret sine vedtak i samband med forvaltningsrevisjonsrapportar vert følgt opp. Det skal vidare rapporterast til kommunestyret korleis vedtaket er følgt opp:

§ 12. Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporter

Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.

Kontrollutvalet i Eid vedtok i møte 13.06.2012 i sak 031/12 Orientering arbeidet med plan for innkjøpsfunksjonen følgjande: *Kontrollutvalet ber rådmannen om skrifleg status innan neste møte i kontrollutvalet på korleis ein ligg an med arbeidet med å lage eit plandokument for innkjøp.*

I kontrollutvalsmøte 11.09.2012 orienterte rådmannen om planarbeidet generelt og om plan for innkjøp spesielt. Under dette vart det sagt følgjande:

- *Planstrategi vedteken og forslag til planprogram er under arbeid.*
- *Planstrategi skal ikkje omfatte fagplanar.*
- *Dette inneber at det enno ikkje er nokon plan for innkjøp. Då plan for innkjøp er ein fagplan*
- *Det vil snart bli sett i gong eit arbeid med strategi for fagplanar.*
- *Enno utsikkert kva tid dette kan vere på plass.*
- *Men det kan forventast at ein overordna plan for fagplanar kan vere på plass i november.*
- *Fagplanane treng ikkje vere veldig omfattande.*

- *Ein kan forvente at dette kan vere på plass til neste møte i kontrollutvalet.*

Etter orienteringa i møtet 11.09.2012 vedtok kontrollutvalet i sak 035/12 «Orientering – Status i arbeidet med å lage plandokument for innkjøpsfunksjonen» følgjande:

- *Kontrollutvalet tek orienteringa til rådmannen til vitande.*
- *Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte for å få orientering om status med arbeidet med plan for innkjøp.*
- *Kontrollutvalet ber om at det under denne orienteringa vert gjeve eit tidspunkt for kva tid plan for innkjøp blir ferdigstilt.*

Det er sendt brev til Eid kommune 12.09.2012 der ein ber om slik orientering.

Rådmannen vert kalla inn til møtet.

046/12: STATUS ARBEID MED TILTAK BEREDSKAP EID KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat

Dato: 12.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.11.2012	046/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Epost frå Sekom sekretariat til Eid kommune om beredskap Eid kommune, datert 12.11.12.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommuneleva.
- Forvaltningslova.
- Kontrollutvalsak 03/12 Beredskapsplan ekstremver og liknande – orientering v/rådmannen.

Sekretariatet si tilråding til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Kommunalsjef Elin Leikanger orienterte.

Beredskapsplan:

Utarbeidd prosjektplan ROS-analyse i februar.

Starta arbeidet i mars

Lag prosjektgrupper

ROS analyse: veg, vatn, avløp, straum, flaum, brann diverse stader, gass lekkasje, evakuering, pandemi, vassboren sjukdom, truslar og vald.

På grunnlag av desse vil det bli laga tiltaksplanar.

Naudaggregat: Har vore ute på anbud. Dette vert opna 27.11.12 kl 12.00.

Satelittlefona: Dette er kjøpt inn.

Sjøgata: Det vil kome sak rundt dette i 2013.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

STATUS ARBEID MED TILTAK BEREDSKAP EID KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

Innleiing – Kva saka gjeld

Orientering om status i arbeidet med beredskap ved ekstremver og liknande i Eid kommune.

Saksopplysningar:

I sak 03/12 «Beredskapsplan ekstremver og liknande – orientering v/rådmannen» i kontrollutvalsmøte 08.02.2012 orienterte rådmannen om hendingane i samband med stormen Dagmar 1. juledag og elles om beredskapsplan for Eid kommune.

I orienteringa kom det fram følgjande:

«Eid har kriseplan og ei kriseleiingsgruppe.

Kriseplanen kan verke noko omfattande.

Det skal vere konferanse vedrørande arbeid med kriseplan i nær framtid.

Det vil bli jobba vidare med ROS-analyse.

Det vart orientert om kva som skjedde av tiltak frå kommunen si side 1. juledag.

Brannvernet var i aksjon med 19 personar utover kvelden.

Det vart ikkje oppfatta som dramatisk av driftsavdelinga kvelden 1. juledag.

2. juledag møtte heile kriseleiinga for orientering og diskusjon om evt. tiltak. Det vart avtalt nytt møte om ettermiddagen.

Det var folk på rådhuset heile dagen.

Det vart sendt melding om situasjonen i Eid til fylkesmannen i laupet av kvelden 2. juledag via satelittelefon i Måløy.

2. juledag fekk ein kommunikasjon om kvelden og ein fekk nytta den særskilte rapporteringsrutinane/-systemet for slike situasjonar.

Kommunen hadde kontroll på situasjonen.

Store ekstrakostnader pga folk på arbeid i samband med situasjonen.

Kommunen vil særskilt sjå på fire punkt framover:

- Beredskapsplan.*
- Tele- og datanett; må ha minst ein satelittelefon, avsett pengar, - til dette.*
- Naudaggregat.*
- Sjøgata – Vatn kjem inn, men renn ikkje ut igjen. Det må setjast i verk tiltak for å ordne på dette.*

Kva er kommunen sitt ansvar? Privatpersonar har stort sett ansvar for seg sjølv».

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i saka:

- Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.*
- Kontrollutvalet vil følgje opp at kommunen set i verk dei tiltaka som vart skissert under orienteringa.*
- Kontrollutvalet vil kalle inn rådmannen for å få status i arbeidet på slutten av året.*

Rådmannen er kalla inn til møtet i saka.

**047/12: EFFEKTUERING AV KOMMUNESTYREVEDTAK 058/11 – SAL AV
KOMMUNALE EIGEDOMAR**

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
Dato: 13.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.11.2012	047/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

- Brev frå kontrollutvalet til Eid kommune, datert 13.09.12.
- E-post med vedlegg frå Eid kommune til kontrollutvalet, datert 07.11.12.

Sekretariatet si tilråding til kontrollutvalet:

- Saka vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Kontrollutvalet tek saka til vitande og reknar henne for avslutta.

Saksutgreiing

**EFFEKTUERING AV KOMMUNESTYREVEDTAK 058/11 – SAL AV
KOMMUNALE EIGEDOMAR V/RÅDMANNEN**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

Innleiing – Kva saka gjeld

Effektivering av kommunestyrevedtak 058/11 – Sal av kommunale eigedomar v/rådmannen – Barnehagane Prestemarka og Skipenes.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet hadde i møte 08.02.2012 oppe sak 02/12 «Effektivering av kommunestyrevedtak 058/11 Sal av kommunale eigedomar v/rådmannen». I saka orienterte rådmannen om at bygningane i barnehagen Prestemarka og barneparken Skipenes ville bli lyste ut for sal i laupet av våren. Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i saka: *«Kontrollutvalet tek orienteringa frå rådmannen til vitande».*

I kontrollutvalsmøte 11.09.2012 tok kontrollutvalet opp igjen spørsmålet som følgje av at bygningane framleis ikkje var selde. I kontrollutvalsak 042/12 «Effektivering av kommunestyresak 058/11 Sal av kommunale eigedomar» gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak: *«Kontrollutvalet ber om skriftleg orientering om bygningane er lagde ut for sal».* 13.09.2012 har Sekom sekretariat sendt brev til Eid kommune med førespurnad om ei skriftleg stadfesting på at bygningane er lagde ut for sal og om skriftleg orientering om bygningane er selde. 7. november 2012 er det motteke svar frå Eid kommune. Vedlagt e-posten frå Eid kommune følgjer kjøpekontrakt for Skipenes barnehage og utskrift av saksutgreiing og vedtak i kommunestyresak 095/12 av 25.10.2012 om Prestemarka barnehage. I eposten skriv Eid kommune at Skipenes barnepark no er seld og at sal av Prestemarka barnehage er utsett då kommunen vurderer å nytte tomt/bygg til budstadsosialeføremål. Det vert vist til e-post, kjøpekontrakta og kommunestyresaka for nærare detaljar.

Sekretariatet sine vurderingar:

048/12 MASSEUTTAK EID KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 13.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.11.2012	048/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå Sekom sekretariat til Eid kommune om masseuttak i Eid kommune, datert 12.09.12.
- Brev frå Eid kommune til Sekom sekretariat med tilsvaer til kontrollutvalet om masseuttak i Eid kommune, datert 30.10.2012.

Andre dokument i saka (Ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet tek saka til vitande.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

- Kontrollutvalet ber om å få tilsendt rapport etter siste tilsyna direktoratet har gjort av masseuttaka i Eid kommune. Jfr opplysning i brev frå Eid kommune til kontrollutvalet av 30.10.2012.
- Kontrollutvalet etterlyser informasjon om masseuttaket ved Lidastranda, og ber om å få opplyst kva status kommunen har for dette uttaket.

MASSEUTTAK EID KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriftleg orientering om masseuttak i Eid kommune.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøtet 11.09.2012 vart det diskutert kring masseuttak i Eid kommune. 12.10.2012 tok kontrollutvalsleiar kontakt med Sekom sekretariat der det vart bede om å hente inn informasjon om masseuttak i Eid kommune. 12.10.2012 har Sekom sekretariat sendt brev til Eid kommune med følgjande spørsmål om masseuttak i Eid kommune:

1. Kor mange masseuttak er det i Eid kommune som er godkjende av Bergverket?
2. Kven har avtale og kor lenge har dei enkelte av desse avtalar om å ta ut masse? Dette både opp mot grunneigar og kommunen.
3. Kven i kommunen har ansvar for masseuttak, og kven følgjer opp avtalane og planane for dei enkelte masseuttaka?
4. Har kommunen system for å kontrollere at områda for masseuttaka er avgrensa og forsvarleg sikra/inngjerda?
5. Er områda for masseuttaka pr i dag avgrensa og forsvarleg sikra/inngjerda?

Eid kommune har svart på brevet 30.10.2012. Brevet synest å gje tilfredsstillande svar på spørsmåla som er stilte. Det vert vist til brevet for svar på spørsmåla.

049/12 FYLKESMANNEN SI OPPFØLGING AV RAPPORT ETTER TILSYN MED SOSIALE TENESTER I NAV – EID KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 13.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.11.2012	049/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- E-post frå Sekom sekretariat til Fylkesmannen, datert 12.09.2012.
- Brev frå Fylkesmannen til Eid kommune, datert 26.06.2012.
- Retningsliner for oppfølging og avslutning av tilsyn ved lovbrøt i verksemder.
- Brev frå Eid kommune til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane med tiltaksplan etter tilsyn med sosiale tenester i NAV – Eid kommune, datert 10.10.2012.

Andre dokument i saka (Ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalssak 041/12 «Orientering - Rapport frå tilsyn med behandling av søknad om økonomisk stønad frå personar med forsytingsansvar for barn i Eid kommune».

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet tek saka til vitande.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

- Kontrollutvalet tek saka til vitande.

FYLKESMANNEN SI OPPFØLGING AV RAPPORT ETTER TILSYN MED SOSIALE TENESTER I NAV – EID KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Korleis Fylkesmannen følgjer opp avvik etter tilsyn generelt med rapport etter tilsyn med sosiale tenester i NAV som eksempel..

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøtet 11.09.2012 vart det teke opp sak på grunnlag av SM 15-12 Rapport frå tilsyn med behandling av søknad om økonomisk stønad frå personar med forsytingsansvar for barn i Eid kommune. Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i sak 041/12 «Orientering - Rapport frå tilsyn med behandling av søknad om økonomisk stønad frå personar med forsytingsansvar for barn i Eid kommune»:

- *Sekom-sekretariat tek kontakt med Fylkesmannen for å få orientering om korleis fylkesmannen følgjer opp dei avvik som er avdekka i rapporten.*
- *Kontrollutvalet kallar evt. inn rådmannen v/NAV-leiar til neste møte i kontrollutvalet for å få orientering om det er laga rutinar for å få orden på dei tilhøva som er kommenterte som avvik i rapporten.*

Sekom sekretariat har 12.09.2012 sendt e-post til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. I eposten er det bede om ei skriftleg tilbakemelding om korleis Fylkesmannen følgjer opp avvika som vart avdekka under tilsynet og som er kommenterte i rapporten.

Fylkesmanne har telefonisk gjeve tilbakemelding og vist til Helsetilsynet sine sider om korleis avvik etter tilsyn vert følgde opp. Det er retningsliner for korleis dette skjer. Desse retningslinene ligg ved. Av retningslinene går det fram at alle avvik vert følgde opp av Fylkesmannen inntil dei er tilfredsstillande lukka. Det vert vist til retningslinene for detaljar.

I brev av 26.06.2012 frå Fylkesmannen til Eid kommune er Eid kommune beden om å utarbeide ein plan som viser kva tiltak kommunen har sett i verk, og kva tiltak han vil setje i verk framover for å rette opp avvika som vart avdekka under tilsynet. Kommunen har fått frist på å svare på dette innan 12.10.2012. 10.10.2012 har Eid kommune sendt Fylkesmannen svar på brevet. Brevet med tiltaksplan etter tilsynet ligg ved. Det vert vist til brevet med vedlegg for detaljar.

I og med at den dokumentasjon som ligg føre i saka synest å svare på kontrollutvalet sine spørsmål på ein tilfredsstillande måte, er ikkje rådmannen v/NAV-leiar kalla inn til møtet.

Sekretariatet si vurdering

Sekom sekretariat vurderer det slik at Fylkesmannen si oppfølging av avvik etter tilsyn er slik at det som hovudregel ikkje er naudsynt for kontrollutvalet å følgje opp avvik. Det er likevel av interesse for kontrollutvalet å følgje med på kva tilsyn som er gjennomførde og kva resultat av desse er. Rapportar vil derfor bli lagde fram for kontrollutvalet fortløypande. Kontrollutvalet vil sjølv sagt kunne ha interesse av å sjå at framdrifta for å lukke avvik er i samsvar med det Fylkesmannen ber om, og at avvik er tilfredsstillande lukka. I slike tilfelle bør ein be om å få tilsendt kommunen sitt tilsvar på avvik etter tilsyn frå Eid kommune.

050/12 PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL - EID KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 05.10.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.11.2012	50/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg

- Dokumentet "Plan for selskapskontroll Eid kommune 2012 – 2016" med vedlegg.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Kommunestyrevedtak 082/11 Eigarskapsmelding for Eid kommune 2012.

Dokumentet Eigarskapsmelding.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Planen for selskapskontroll i Eid kommune for perioden 2012 – 2016 vert godkjent.

Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret:

- Planen for selskapskontroll i Eid kommune for perioden 2012 – 2016 vert godkjent.

PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL - EID KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Det skal lagast plan for kontroll av selskap Eid kommune eig 100% av eller er medeigar i for valperioden 2012 – 2016.

Saksopplysningar:

Det vert vist til utkast til plan for selskapskontroll for Eid kommune for utfyllande opplysningar.

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar, skal det lagast plan for selskapskontroll for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Selskapskontroll kan delast i to kategoriar:

1. Eigarskapskontroll inneber hovudsakleg å kontrollere at den som utøver eigarskapen for kommunen gjer dette i samsvar med gjeldande lover og reglar og i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.
2. Forvaltningsrevisjon inneber å gå inn i selskapet å sjå på økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad av vedtak og føresetnader.
3. Kommunelova § 80 gjev også heimel for at kontrollutvalet og kommunen sin revisor kan gjere undersøkingar. Dette treng då ikkje nødvendigvis vere eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Eigarskapskontroll er etter § 77 pkt. 5 i kommunelova obligatorisk for alle selskap kommunen er medeigar i sjølv om desse ikkje er 100% kommunalt eigde.

Kva selskap ein kan gjennomføre forvaltningsrevisjon i avgrensar seg i §80 i kommunelova ved at kontrollutvalet og kommunen sin revisor berre har innsynsrett i selskap som er 100% kommunalt eigde. Det er likevel ikkje til hinder at ein kan be ikkje kommunale eigarar om å få innsynsrett. I aksjeselskap der den kommunale eigardelen er 2/3 eller meir, kan dei kommunale eigarane gjennom vedtektsendring opne for fullt innsyn.

Kontrollutvalet skal i denne saka gje innstilling om plan for selskapskontroll. Kommunestyret gjer vedtak etter innstillinga frå kontrollutvalet.

Sekretariatet sine vurderingar:

051/12 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – EID KOMMUNE SINE RUTINAR FOR FASTSETJING OG FORDELING AV MIDLAR TIL DEI IKKJE- KOMMUNALE BARNEHAGANE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 19.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.11.2012	051/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Rapport forvaltningsrevisjon Eid kommune sine rutinar for fastsetjing og fordeling av midlar til dei ikkje-kommunale barnehagane, datert 16.11.2012.

Andre dokument i saka (Ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalssak 032/12 Fordeling av midlar til barnehagane.
- Kommunestyresak 040/12 Fastsetjing av tilskotssatsar for private barnehagar.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kommunestyret viser til konklusjonen i rapport om fastsetjing og fordeling av midlar til ikkje kommunale barnehagar i Eid kommune, datert 16.11.2012.
- Kommunestyret tek til vitande konklusjonen i rapporten: « Eid kommune har følgd dei forskriftsregulerte krav til berekning og fordeling av tilskot til dei private barnehagane i 2012. Det betyr at kommunen følgjer dei krav som forskrifta stiller til likeverdig behandling. Kommunen har også følgd dei forskriftsregulerte krava til saksbehandling med unntak av overskriding av frist for kunngjering av forslag til tilskotssatsar.
- Kommunestyret ber om at frist for kunngjering av forslag til tilskotssatsar i framtida vert halden.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

- Kommunestyret viser til konklusjonen i rapport om fastsetjing og fordeling av midlar til ikkje kommunale barnehagar i Eid kommune, datert 16.11.2012.
- Kommunestyret tek til vitande konklusjonen i rapporten: « Eid kommune har følgd dei forskriftsregulerte krav til berekning og fordeling av tilskot til dei private barnehagane i 2012. Det betyr at kommunen følgjer dei krav som forskrifta stiller til likeverdig behandling. Kommunen har også følgd dei forskriftsregulerte krava til saksbehandling med unntak av overskriding av frist for kunngjering av forslag til tilskotssatsar.
- Kommunestyret ber om at frist for kunngjering av forslag til tilskotssatsar i framtida vert halden.

FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – EID KOMMUNE SINE RUTINAR FOR FASTSETJING OG FORDELING AV MIDLAR TIL DEI IKKJE- KOMMUNALE BARNEHAGANE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon av forvaltningsrevisjonsrapporten «Eid kommune sine rutinar for fastsetjing og fordeling av midlar til dei ikkje-kommunale barnehagane».

Saksopplysningar:

Kommunestyret i Eid gjorde 26.04.2012 i kommunestyesak 040/12 Fastsetjing av tilskotssatar til private barnehagar bl.a. følgjande vedtak: «*Kommunestyret ber om at kontrollutvalet vurderer Eid kommune sin praksis når det gjeld fordeling av midlar til barnehagane i Eid kommune*».

På grunnlag av kommunestyrevedtaket gjorde kontrollutvalet 13.06.2012 følgjande vedtak i sak 032/12 Fordeling av midlar til barnehagane – undersøking: *Kontrollutvalet tingar følgjande undersøking frå Kommunerevisjonen i Nordfjord:*

Kontrollutvalet ber om at det vert undersøkt om Eid kommune sine rutinar for fastsetjing og fordeling av midlar til barnehagane i Eid kommune er i samsvar med reglane i Barnehagelova og retningsliner for slik fordeling.

Tinginga vart sendt Kommunerevisjonen i Nordfjord 27.06.2012.

Kommunerevisjonen i Nordfjord har gjennomført undersøkinga i samsvar med standarden for forvaltningsrevisjon og har lagt følgjande to problemstillingar til grunn for underøkinga:

1. *Er kommunens metodebruk og datagrunnlag i samsvar med regelverket?*
2. *Følgjer kommunen formelle saksbehandlingsreglar i samsvar med regelverk?*

Det er gjeve følgjande konklusjon i rapporten: *Vi finn at Eid kommune har følgd dei forskriftsregulerte krav til berekning og fordeling av tilskot til dei private barnehagane i 2012. Det betyr at kommunen følgjer dei krav som forskrifta stiller til likeverdig behandling. Kommunen har også etter vår vurdering følgd dei forskriftsregulerte krava til saksbehandling med unntak av overskriding av frist for kunngjering av forslag til tilskotssatsar.*

I samband med forvaltningsrevisjon inn mot kommune, har rådmannen rett til å uttale seg om dei tilhøve som er undersøkte. Rådmannen har i sin høyringsuttale til rapporten av 08.11.2012 skrive at Eid kommune ikkje har merknader til revisjonsrapporten. Rådmannen sin uttale ligg ved rapporten.

I samsvar med § 11 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret om kva forvaltningsrevisjonsrapportar som er gjennomførte og resultatet av desse. Dette kan gjerast ved å sende rapporten over til kommunestyret for handsaming, sende rapporten over til kommunestyret som orienteringssak eller rapportere om rapporten i samband med årsmeldinga.

Kontrollutvalet si oppgåve er å gjere vedtak om rapporten eller gje ei tilråding til kommunestyret om rapporten.

Sekretariatet sine vurderingar

I og med at dette er ei undersøking kommunestyret særskilt har bede om ser sekretariatet det som naturleg at rapporten vert sendt kommunestyret til handsaming.

052/12 ORIENTERING – PROTOKOLLAR UTVAL/STYRE I EID KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 19.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.11.2012	052/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	-
Kommunestyret	-	-	-	-

Saksvedlegg

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova § 77.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orientering om dei ulike vedtaka i politiske utval i Eid kommune vert teke til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Orientering om dei ulike vedtaka i politiske utval i Eid kommune vert teke til vitande.

Saksutgreiing

ORIENTERING – PROTOKOLLAR UTVAL/STYRE I EID KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Medlemmane i kontrollutvalet orienterer om vedtaka i ulike politiske utval/styre i Eid kommune på grunnlag av protokollane frå aktuelle møte.

Saksopplysningar:

Siv Emdal orienterer frå protokollar for møte i driftsutvalet.

Hilde Henriksen orienterer frå protokollar for møte i utval for samfunnsutvikling.

Kristen Hundeide orienterer frå protokollar for møte i formannskapet.

Protokollar vert fortløupande sendt frå Eid kommune til dei respektive medlemene nemnt ovanfor.

Sekretariatet sine vurderingar:

Kontrollutvalet bør på grunnlag av informasjonen vurdere om det er vedtak dei bør følgje opp.

053/12 OPPFØLGINGSLISTE 5-2012 - EID

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 19.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	27.11.2012	053/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 5-2012 Eid.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Oppfølgingsliste 5-2012 – Eid vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Oppfølgingsliste 5-2012 – Eid vert teken til vitande.

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 5-2012 - EID

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 19. november 2012.

Lista vil bli oppdatert utan opphald og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

054/12: FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – VEDLIKEHALD AV BYGNINGAR - PROSJEKTPLAN

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
Dato: 20.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.11.2012	054/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Prosjektplan – Forvaltningsrevisjonsprosjekt ”Vedlikehald av bygningar.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- RSK001.
- Kontrollutvalssak 036/11.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Prosjektplanen for forvaltningsrevisjonsprosjektet ”Vedlikehald av bygningar.” vert teken til vitande.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

- Prosjektplanen for forvaltningsrevisjonsprosjektet ”Vedlikehald av bygningar.” vert teken til vitande.

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – VEDLIKEHALD AV BYGNINGAR - PROSJEKTPLAN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

Innleiing – Kva saka gjeld

Kommunerevisjonen i Nordfjord har lagt fram prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjektet "Vedlikehald av bygningar."

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøtet 11.09.2012 sak 036/12 vart tinging av forvaltningsrevisjonsprosjektet «Vedlikehald av bygningar» handsama, og det vart gjort følgjande vedtak:

- *Tingingsdokumentet for forvaltningsrevisjonsprosjektet "Vedlikehald av bygningar" vert godkjent.*
- *Tingingsdokumentet vert sendt over til Kommunerevisjonen i Nordfjord for operasjonisering.*

Av RSK001 går det fram at revisor skal lage gjennomføringsplan og gje tilbakemelding på tingingar av forvaltningsrevisjon.

Utskrift RSK001:

11) Revisor plikter å vurdere kontrollutvalgets bestilling i forhold til gjennomførbarhet og revisors faglige uavhengighet. Dersom revisor finner det påkrevd, må revisor avklare bestillingen med kontrollutvalget, eventuelt vurdere å si fra seg forvaltningsrevisjonsprosjektet.

18) For hvert prosjekt skal det utarbeides en skriftlig prosjektplan hvor det redegjøres for prosjektets problemstilling(er), revisjonskriterier eller grunnlaget for disse, og metodebruk.

19) Prosjektplanen bør også redegjøre for milepæler i prosjektet og planlagt tids- og ressursbruk, inklusive bruk av ekstern bistand. I tillegg kan det i prosjektplanen redegjøres for bakgrunn for prosjektet, avgrensinger, formål og annen relevant informasjon.

Problemstilling(er)

20) Det skal utarbeides problemstilling(er) for den enkelte forvaltningsrevisjonen.

21) Med utgangspunkt i bestillingen fra kontrollutvalget må revisor operasjonisere problemstillingen(e) slik at de blir tilstrekkelig konkretisert og avgrenset til å kunne besvares.

Kommunerevisjonen i Nordfjord har lagt fram prosjektplan for prosjektet. Det vert vist til prosjektplanen, som ligg ved, for nærare detaljar om innhaldet. Kommunerevisjonen i Nordfjord vert kalla inn til møtet for å gje nærare informasjon.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet vurderer det slik at Kommunerevisjonen i Nordfjord har lagt fram Prosjektplan og elles gjeve ei tilbakemelding i planen som er tilfredsstillande i høve til pkt. 11, 18, 19, 20 og 21 i RSK001.

055/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 19.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.11.2012	055/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Det vart ikkje teke opp saker.

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.